



Arkivnr: 2014/13889-141

Saksbehandlar: Eva Vinjevoll

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		

Brev frå Trygg Trafikk - "Høring om trafikkopplæring til førerkort og unntak fra fraværs grensen i vidaregåande skule"

Samandrag

Trygg Trafikk har i brev av 09.05.2019 invitert FTU Hordaland til å sende ein høyringsuttale i forbindelse med høyring om trafikkopplæring til førarkort og unntak frå fraværs grensa i vidaregåande skule.

Økonomi: Ingen effekt på økonomi

Klima: Ingen effekt på klima

Folkehelse: Ingen effekt på folkehelse

Regional planstrategi: Ingen samanheng med regional planstrategi

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland sender høyringsuttalen skissert av Trygg Trafikk som sitt svar på regjeringa sin invitasjon til høring om trafikkopplæring til førarkort og unntak frå fraværs grensa i vidaregåande skule.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.05.2019

Trygg Trafikk har i brev av 09.05.2019 invitert FTU Hordaland til å avgi ein høringsuttale i forbindelse med høyring om trafikkopplæring til førarkort og unntak frå fráværsgrensa i vidaregåande skule.

Vedlagt ligg brevet frå Trygg Trafikk som seier noko om bakgrunn og avgrensing av høyringsuttalen.

Forslaget frå Trygg Trafikk til høringsuttale frå FTU

- Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU Hordaland) viser til høyring om fráværsgrensa i vidaregåande skule og trafikkopplæring til førarkort klasse B.
- Den norske trafikkopplæringa til førarkortet er eit vesentleg element i visjonen om null drepne og hardt skadde i trafikken (nullvisjonen), og eit viktig trafikksikringstiltak retta mot unge. Trafikkopplæringa er krevjande fordi klasserommet er «på hjul» i eit risikofyllt miljø som krev full konsentrasjon både hjå lærar og elev. Det er derfor viktig at undervisninga skjer når både elev og lærar er utkvilt, og at opplæringa skjer i eit realistisk og variert trafikkmiljø.
- Mange unge får førarkort medan dei er elevar i vidaregåande skule. For elevar som ynskjer å søkje læreplass vil påbegynt trafikkopplæring vere ein føremon før dei skal ut i læreplass. Det er derfor viktig med gode rammer rundt opplæringa.
- Med bakgrunn i desse argumenta er FTU Hordaland einig i at delar av den obligatoriske trafikkopplæringa til førarkort bør unntakast frå fráværsgrensa i vidaregåande skule. I tillegg til framlegget om 13 timar av tryggleikskurs på bane og veg, bør også den praktiske førarprøven unntakast frå værsregelen.
- Førarprøven er ein nødvendig offentleg eksamen som alle må gjennom om dei skal få førarrett. Førarprøvesensorane i Statens vegvesen har som mange andre offentlege tilsette ei fastsett arbeidstid som avgrensar rommet for gjennomføring av førarprøven til ordinær opningstid. Å ikkje innlemme førarprøven som unntak signaliserer at det må takast ut eit ugyldig frávær for å få gjennomført ein offentleg eksamen, noko me meiner er uheldig.